

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
05 JUN 2018	
Ark. saksnr. 15/2727	Løpenr.
Saksh.	Tilleggskode SS

Reidar Furelid

Vassbygdvegen 271

5912 SEIM

den 3. juni 2018

**Ordfører i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes**

**Gjeld manglande svar frå landbrukskontoret / landbrukssjefen i Lindås.**

Det nyttar diverre ikkje ta opp noko med landbrukssjefen i kommunen:  
Han svarar ikkje! Ser ut til at det er det same kva saka gjeld!

**Dette er verken etter lov og regelverk,- eller etter forventning om  
høvisk framferd!**

Det siste brevet som er ubesvart har eit spørsmål som einkvar som les  
det må skjønna skal svarast på umiddelbart!

Brevet er vedlagt.

Bed om at dette vert rydda opp i *snarast*. Det seier seg sjølv at slik  
praksis landbrukssjefen her driv, - er ein ikkje tent med!

Og dette i Lindås kommune med det ambisiøse slagordet!

**Må få ta med:** I sist veke kom det som ei sak i NRK-dagsnytt at det i  
Troms fylke var slik praksis,- med manglande svar frå ymse kommunar  
og at, - slik eg skjønna det, -som så hadde vorte klaga til fylket!

"Ikkje til å tru", skreiv Bjarne Foss om åtferda til Lindås kommune. Han  
er ikkje åleine i negative opplevingar,- diverre. Men er det slik ein  
ønskjer ha det?

Ein gardbrukar i bygda vår skreiv i si tid brev til ordfører Åsmund Skår.  
Då svar uteblei, sende han same brevet via ein advokat. *Då* kom det  
svar! Slik skal det ikkje vera og det syner ein ukultur og manglande

respekt både for lovverket og personane det gjeld!

Med forventning om rask reaksjon og at det kan skje noko positivt!

NB: Brev svarast mest korrekt på med brev!

Md vennleg helsing

  
Reidar Furelid

PS

Nokre etterord som eg kanskje bør ta med: Eg har *eit utruleg godt samarbeid* med kommunen ved den delen som har å gjera med veg, og teknisk drift! Det gjeld primært at vi tek mot og kan venda "overskotsmassar" i ymse samanhengar.

DS

**Vedlegg:**

Brev av 19. mai til landbrukskontoret og om Driveplikt (frå Wikipedia).